



Stendal VVS AS  
Blombakken 1  
5908 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3425 - 14/17692

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
05.08.2014

## Ferdigattest - etablering av avlaupsanlegg og stikkledning for vatn - gbnr 195/176 Leiknes.

### Administrativt vedtak.

**Tiltakshavar:** Inger Hellem  
**Ansvarleg søkjar:** Stendal VVS AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 10.07.2014. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll. Det vert elles vist til søknad motteken 17.06.2014.

### Skildring

Adresse:	Leknesvegen 99
Bygningstiltak:	Etablering av avlaupsanlegg og stikkledning for vatn
Bygningsnummer:	176281863
Bruksareal:	
Avlaup:	
Vatn:	
Tal på røykløp:	

### Vurdering:

Søknad om ferdigattest er send inn 17.06.2014 og løyve til dispensasjon og tiltak etter pbl § 20-1 er gjeve 10.07.2014. Tiltaket er såleis gjennomført utan at det låg føre naudsynt løyve. Ansvarleg søkjar må registrera avvika i sitt internkontrollsystem og treffa tiltak for å unngå gjentaking. Dokumentasjon må kunne leggjast fram ved evt tilsyn.

### VEDTAK:



**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for etablering av avlaupsanlegg og stikkledning for vatn for hytte på gbnr 195/176.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3425.

Med helsing  
Knut Bjørnevoll  
for  
Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Inger Hellem  
Eining for Teknisk drift

Leknesvegen 91 5915  
her

HJELMÅS

### **Mottakarar:**

Stendal VVS AS

Blombakken 1 5908

ISDALSTØ